
Fra: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Sendt: 11. september 2017 16:16
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Bård Sandal; Mette Nora Sætre
Emne: UTLYSING AV MIDLAR TIL HEILSKAPLEG SAMFUNNSUTVIKLING I HORDALAND - HNH2017
Vedlegg: Midlar til heilskapleg samfunnsutvikling i Hordaland. HNH2017.pdf

Til kommunane i Hordaland

Hordaland fylkeskommune inviterer til å søkje støtte til delfinansiering av prosjekt innan regional næringsutvikling, lokal samfunnsutvikling og utvikling av attraktive regionale senter i Hordaland.

Utvikling i heile Hordaland er overordna mål for Hordaland fylkeskommune. No er det mogleg for kommunar i fylket å søke prosjektstøtte til tiltak som styrker utvikling i regionale senter, lokalsamfunn og regional næringsutvikling. Ein prioriterer søknader for regionsentra i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

Midlane kan søkast om økonomiske virkemiddel til:

- Prosjekt for brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar.
- Sentralt er prosjekt og tiltak for utvikling som fremjar regional nærings- og samfunnsutvikling og bidra til samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, kommune, region og stat.
- Prosjekt som styrker regionsentra i fylket gjennom næringsutvikling, miljøvenlege transport- og logistikkordningar.
- Prosjekt som styrker regionsenteret i samband med vedtatt kommunesamanslåing.
- Berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse i utvikling av samfunn og sentrum.
- Prosjekt og tiltak knytt til kompetanseutvikling, analysar, moglegheitsstudiar og utgreiingar forut for utarbeiding av kommunale planer er og døme på kva som kan støttast.

Kommunar, organisasjonar og institusjonar med brei lokal eller regional forankring er aktuelle søkjarar på midlane.

Ein oppmodar kommunane om å informere organisasjonar og institusjonar som kan vera aktuelle søkjarar.

På vegne av
Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Venleg helsing

Kari Patricia Kleppe
Spesialrådgjevar
Regional | næring
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mob: 90993968

Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no